



Tysvær KrF
Kommunevalet 2019

**Verdiar som
varer**

**Verdiar som
varmar**



Derfor bør du stemme KrF

Vi arbeidar for eit samfunn med rom for det viktige - gjennom heile livet - gleda og fellesskapet i kvardagen!

Tysvær skal være ein heimstad, det skal være barna sitt Tysvær, og alle skal ha tryggleik for meistring og helse.

Vi vil leggje til rette for noko å leve av, og noko å leve for.

INFORMASJON

Saman for eit varmare lokalsamfunn

Nokre utvalde politiske saker

Vi vil styrke familiene, ikkje styre dei

Trygge familiar gir trygge barn. Vi vil auke ressursar og sikre lett tilgjengeleg jordmor-, helsestasjons- og skulehelseteneste som kan gi familiar tryggleik og tidleg hjelp ved behov.

Tidleg innsats er godt for den enkelte, familiene og samfunnet. Vi vil at hjelpetenestene gir god hjelp tidleg, med vekt på å lytta til barn og familiar sine behov og kan være med å gi håp og hjelp for dei som treng det.

På lag med frivilligheten

Leggja til rette for frivillig arbeid som gir både meiningsfull kvar dag i helsetenester og fremja åndeleg omsorg i helse- og omsorgstenesta.



Oppvekst, barnehage og skule

Styrke førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehage, skule, skuleveg og fritid. KrF vil ha barnehagelærarar og lærarar som kan sjå og hjelpe det einskilde barnet. Framsnakk av elevar, lærarar, foreldre og skule styrkjer det som er godt og motverkar negativ utvikling.

Sikre ein skule med vekt på fag, kvalitet og trivsel, og framleis arbeide for dagens ungdomsskulestruktur. Auke trafikktryggleiken med gang- og sykkelvegar med lys, til alle skulane.

Ja til livet – heile livet

Verdigrunnlaget vårt byggjer på det kristne menneskesynet, forvaltaransvar og nestekjærleik. Alle menneske har uendeleig verdi frå unnfangelse til naturleg død.

Vi skal forvalte Skaparverket, natur, økonomiske og menneskelege ressursar ansvarleg. Omsynet til etterkomarane er overordna kortsiktige interesser.

Ein trygg og verdig alderdom

KrF vil ha eit seniorvennleg samfunn, leggja til rette for måltidsfellesskap og meiningsfull kvar dag i ulike livsfasar, sikre gode helsetenester og fremja åndeleg omsorg i helse- og omsorgstenesta.

Levekår

Leggja til rette for det menneskevennlege samfunnet. Vi treng noko å leva av, og noko å leva for!

Alle har rett til ein verdig plass å bu. Vi vil tilretteleggje for bustader ut frå ulike behov, eige- og leigeforhold.

Sikre allsidige kulturtilbod, utvikling av biblioteka, og som arena for fleire tenester. Oppretthalde bibliotekdrift i Nedstrand.

Næring

Jordvern er svært viktig for framtida vår. Vi vil ha eit rasjonelt og attraktivt landbruk tilpassa staden der vi bur.

Vi vil arbeide for miljøvennleg oppdrett og vi vil leggja til rette for grundermiljø. For å utløyse bustadomter og næringsutvikling Frakkagjerd-Førre vil vi ha offentleg-privat samarbeid for nytt vegkryss.

Klima og miljø

Bevisst haldning til bruk av plast og betre ressursnytte, gjenvinning og berekraftig bruk av mat og klede.

Stimulera til meir bruk av fornybare energikjelder og støtte til rask etablering av grøn energi i Gismarvik næringspark.

Verne om sårbar natur ved stop i etablering av vindkraft på land, og heller satse på havvind.

Vår kristne kulturarv

Arbeide for at den kristne kulturarven framleis har røter i vår kultur og samtid.

Vi vil ha samarbeid mellom kyrkja, barnehage og skule ved dei kristne høgtidene.

Attraktive bygder og sentrum

KrF vil sikre balanse mellom tilbod i sentrale og desentrale strøk. Vi vil leggja til rette for sosiale arena og møteplasser i alle deler av kommunen, marknadsføre Aksdal som komunesentrum og vidareutvikle Nedstrand innan næring og reiseliv, mellom anna.

KrF vil arbeide og samarbeide for ein god utvikling i regionen.

Friluftsliv

Legge til rette for at barn og unge kan vera fysisk aktive og del av eit fellesskap. Ta i bruk naturen for aktivitet og trivsel for alle aldersgrupper. Det er godt for helsa og det er godt for naturen. Det som betyr noko for oss, det tek vi vare på.

Gi støtte til opprusting og merking av stiar og bevara villmark.

Legge til rette for utvikling av kommunale og regionale idrettsanlegg

LISTEKANDIDATANE VÅRE



1. Gunn-Marit Lygre
1967, Psykiatrisk sjukepleiar,
Førre



2. Kristian Valle Høie
1984, Ingeniør,
Tysværvgå



3. Anna Henriette Veim Eikje
1967, Bonde,
Eikje



4. Eivind Susort
1986, Gründer,
Nesheim



5. Marit Sofie Teistedal Vikre
1962, Kateket,
Tysværvgå



6. Steinar Høyvik
1963, Driftsleiar,
Høyvik



7. Ada Hovring
1965, Økonom/ufør,
Skjoldastrauen



8. Arne Baustad
1991, Byggmester,
Våg



9. Elise Frønsdal Øien
2001, Skoleelev,
Grinde



10. Mohammad Zaa Mohammad
1968, Ingeniør,
Frakkagjerd



11. Torunn Hermansen Askeland
1986, Psykiatrisk sjukepleiar,
Askeland



12. Asbjørn Espeset
1948, Pensjonist,
Frakkagjerd



13. Margaret Baustad
1965, Butikkmedarbeidar,
Grinde



14. Øyvind Skogøy
1964, Mekanikar,
Susort



15. Leif Holgersen
1954, Pensjonist,
Skjoldastrauen



Stem Tysvær KrF
9. september!

Les heile vårt program på www.krf.no/tysver

www.facebook.com/tysvaerkf